



Foto: Randi Lønning Matre

# ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN

ÅRET 2020

«*Nær menneske, nær Kristus*»

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

SOKNEPRESTEN SINE TANKAR OM ÅRET 2020	- 3 -
TRUSOPPLÆRING	- 6 -
DRIFT AV KYRKJA OG GRAVPLASSEN	- 12 -
ØKONOMI	- 15 -
KYRKJEMUSIKK	- 18 -
TEMAKVELDAR	- 19 -
DIAKONINEMNDA	- 20 -
KYRKJEBLADET	- 22 -
KYRKJERINGEN	- 23 -
FITJAR KYRKJE SITT MISJONSPROSJEKT	- 24 -
BAKKEN BARNEHAGE	- 25 -

Fitjar, den 13.april 2020

Svein Lunde  
*leiar i soknerådet*

Tom Rydland

Herman Inge Aadland

Sigrid Fangel

Roald Drønen  
*sokneprest*

Jan Overweg  
*kyrkjeverje*

Wenche Andersen Helland  
*nestleiar i soknerådet*

Anne Marie Røed

Håkon Rydland Sæbø

Åse Rygg H. Nøttveit

Sigurd André Maraas  
*kommunal representant*

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

## SOKNEPRESTEN SINE TANKAR OM ÅRET 2020

v/ Roald Drønen, sokneprest

Året vi har lagt bak oss, vart eit heilt annleis år enn venta. Då nyhende om covid-19 vart kjent i Noreg i februar/mars, blei det store utfordringar for Den norske kyrkja og den einskilde kyrkjelyd. Statleg mynde, politikarar og helse-institusjonar, sette grenser med tal for deltaking ved kyrkjelege handlingar og samkomer for born, ungdom og vaksne.

Sidan året har vore spesielt, er det svært vanskeleg å gjera gode samanlikningar med dei siste åra.

Fitjar kyrkje	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013
Døypte	25	20	25	39	37	32	38	26
Konfirmerte	35	41	41	41	34	45	52	52
Vigsel	6	8	4	7	12	4	7	8
Gravferd	38	27	13	21	32	28	19	25
Deltakarar i gudst. sön- og helgedagar	3710	7963	8499	8940	9324	8896	9139	8880
Gjennomsnittframmøte på sön- og helgedagar		124/64	143/59	144/62	150/62	148/60	152/60	148/60
Gudstenester utanom kyrkje(-huset)	7	7	7					
Nattverddeltakarar	1025/20	2797/40	2933/38	3382/35	3781/41	3153/37	2626/35	2623/36
Utmelde/innmelde	6/2	7/3	7/0	21/3	26/8	7/5	4/2	2/1
Kyrkjeoffer	239766	417471	416255	544417	425154	416430	379524	384478
Gjevarteneste og andre gaver	43000	246199	277563	670290	639929	56280	138000	182000

Det er blitt halde fleire ordinære gudstenester( forkorta gudstenester på sjukeheimar er ikkje med her) i Fitjar enn ved eit normalår. Totalt har det vore 81 gudstenester med 74 på sön- og helgedagar. Deltakarar var 3710. Dette er sjølv sagt svært mykje lågare enn eit normalår i Fitjar. I periodar kunne vi siste året ha 100 personar til stades. Så gjekk talet ned til 50, og i jule-helga kunne vi berre ha med dei som var tenestegjerande i gudstenestene.

Det har vore 22 gudstenester med dåp siste året. Mange av desse har vore i ekstra dåpsgudstenester (kl. 12.30) pga. restriksjonar på deltakarar.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

Det har vore uvanleg mange gravferder i Fitjar i 2020, totalt 38. I ein periode sette smittevernlegen i Fitjar ei grense på 10 deltagarar ved gravferd. Sjølv om dette kunne opplevast svært vondt i ei tung tid, møtte me stor forståing hos dei pårørande.

Me har hatt 6 vigslar i 2020.

Me har hatt tre gudstenester spesielt lagt til rett for ungdom. Ljosmassa i 2020 var berre for konfirmantar og foreldre/føresette.

Eg er svært glad for at me fekk ha ei ungdomsgudsteneste 2. juledag (kveldstid), slik tradisjonen har vore i Fitjar i mange år. Der hadde ungdomar ansvaret for registrering, samlingsbøn, preike, all musikk og forsongarteneste. Denne gudstenesta vart strøyma for dei som ikkje kunne delta.

Konfirmasjonsgudstenestene (4) vart utsette til hausten. Berre dei alle nærmaste (10 personar) i familien fekk vera med på den høgtidlege handlinga for dei unge.

Skulegudstenester før påske og i adventstida kunne ikkje gjennomførast. Heller ikkje barnehagane kunne samlast i kyrkja. Difor laga me i staben eit opptrinn med dei bibelske hendingane i påskeveka og julehelga og sende til alle skulane og barnehagane.

Me har hatt mange familiegudstenester i løpet av året. Dei fleste har vore sende digitalt. Julaftan vart i år berre sendt digitalt med deltaking av 16 born og ungdomar i ulike rollar.

Talet på ut- og innmelde er lite endra siste året.

Då nyhende om covid-19 vart kjent i mars, bestemte staben seg med ein gong for å senda gudstenester på nett. Den første var 22. mars. Utan ei kyrkjeverje med interesse, kunnskap og erfaring frå feltet, ville dette ikkje vore mogleg. Fitjar kommune har også nytta seg av kyrkjeverja si erfaring ved at han strøyma fleire arrangement på 17.mai der stor deltaking var umogleg.

Me har sendt 30 digitale gudstenester med til saman 7700 visningar. Det betyr at me i snitt har hatt ca. 256 visningar pr. digitalt sende gudsteneste (sjårarar /deltakarar er truleg mykje høgare). Me har altså hatt mange fleire deltagarar på digitale gudstenester frå Fitjar kyrkje enn ved normalt frammøte. Oversikta viser også at me har folk som følgjer gudstenestene frå Fitjar kyrkja i USA, Nederland, Spania, Dei sameinte arabiske emiratar; berre for å nemna nokre land.

Dei på sjukeheimen og Havnahuset har hatt moglegeheiter til å følgja gudstenester «frå si kyrkje» på nettet.

Kyrkjeverja har også teke opp både dåpsgudstenester, gravferder og vigslar når det har vore ynskje om det.

Ein viktig del av arbeidet vårt er kyrkjebladet. Dette bladet vert sendt til alle husstandar i kommunen og når inn i alle heimar. Det var gjeve ut 6 nummer siste året.

Sjølv om det siste året har vore spesielt og gjeve oss mange utfordringar, har det utløyst mykje kreativitet til å spreia den glade bodskapen. Me har kome i kontakt med og nådd ut til mange som me elles ikkje møter til vanleg.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

På mange måtar har 2020 vore eit uvanleg og strevsamt år. Mitt inntrykk er at både stab, sokneråd og andre involverte i Fitjar kyrkjelyd har takla utfordringane med pandemien på ein svært god måte.



Foto: Torbjørn Hovland

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

## TRUSOPPLÆRING

v/ Randi Lønning Matre, kyrkjelydspedagog

### AKTIVITETAR GJENNOM ÅRET

Trusopplæringa i kyrkjelyden vert gjennomført i tråd med trusopplæringsplanen som er godkjend av soknerådet og biskopen dei to fyrste månadane i 2020. Deretter vart mykje avlyst eller endra, grunna korona:

Tiltak	Namn	Deltakarar	Av inviterte
B0	Dåp	25	
B1	Babysong	21	117 %
B2	Adventssamling (slått saman med B3)	9	47 %
B4	Utdeling av 4-årsbok og kyrkjevandring	22	76 %
B6	Barnas påskefest	33	103 %
B9	Tårnagent	23	79 %
B11a	Lys Vaken	22	63 %
B15	Konfirmasjon	35	85 %
B16	Vidare	12	28%

### MEIR OM ARBEIDET

«Med Jesus i båten» er namnet på Trusopplæringsplanen i Fitjar kyrkje. Eller forkorta til «Båten»

Det store målet i trusopplæringa er å gi vidare bibelforteljingane til born og unge, slik at dei kan kjenne seg trygge i kyrkjeskipet gjennom heile livet.

Trusopplæringutvalet har vore med på å planlegge og gjennomføra trusopplæringsstiltaka. I trusopplæringsutvalet er desse med: Randi Lønning Matre, Birgite Drønen Brenne, Hilde Karin Vedøy Eiken, Eli Sigrunn Wiik og Anne Marie Røed (leiar).



# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

I tillegg er mange andre flotte uløna medarbeidarar er med i dette viktige arbeidet. Og dei er gull verdt!

Trusopplæringa er frå 0-18 år, der babysong er det første tiltaket etter dåp.

Dei store nasjonale trusopplæringstiltaka som 4-årsbok, tårnagentar, lys vaken og konfirmasjon er tiltak prioritert gjennomført dette året.

Tårnagenhelg vart gjennomført før korona og hadde ein auke i oppslutnad på nær 100%.

Nokre tal er stabile, sjølv med noko endra opplegg i høve korona-restriksjonar.

Barnaspåskefest vart ikkje gjennomført, men alle fekk bok heim i postkassen. Det var mange gode tilbakemeldingar på denne hyggelege overraskinga. Dei vart også invitert til digital familiegudsteneste. Rundt påsketida var det strenge restriksjonar. Det vart difor ikkje karneval for 8 åringane. Me i trusopplæringsutvalet valde å sende ut ei helsing, med hefte om påske, til alle born mellom 2-8 år, unntak 6-åringane som fekk boka «tre i eit tre»

Heller ikkje vart det pinsefest eller båten dette året.

Kyrkja driv, saman med Fitjar indremisjon, Ten-treff for ungdomar i alderen 13 år og oppover. Eit positivt tiltak med aukande oppslutnad



## NYE TILTAK I 2020

Sjølv med ein koronasituasjon har kyrkja starta eit tiltak for ungdom ein gong i månaden. Tiltaket har me valt å kalla «Vidare»! Me hadde tre samlingar på hausten med ein oppslutnad kvar gong mellom 2 og 12 ungdommar. Her er det mat og prat, undervisning og samtale, leik og moro.

## ANNA ARBEID I TRUSOPPLÆRINGA

Ein viktig del av trusopplæringsarbeidet er å ha familiegudstenester. I Fitjar kyrkje er det familiegudsteneste ca ein gong i månaden. Dette året har me laga til digitale familiegudstenester. Mange born og unge har stilt opp med song, musikk, drama og andre oppgåver. Tusen takk for flott innsats.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

KRIK henger saman med Ten-treff på den måten at dei har ei felles facebookside, og eit samabeid om andakt. KRIK vert arrangert fredagskveldar før Ten-treff byrjar. Dei kjem opp på Ten-treff etter si samling. Dei har samlingane i hall, der kyrkja betaler leige.

Dei gongene det ikkje er Ten-treff, men KRIK har dei andakt på si samling i hallen.

## SKULE- KYRKJESAMARBEIDET

Me har godt samarbeid med alle skulane. Skulegudstenester har me ikkje gjennomført, men me har laga ei digital helsing til både skular og barnehagar før påske- og juleferien.

Kyrkja har til vanleg eit møtepunkt med soknerådsbarnehagen Bakken ca. ein gong i månaden. Dette har vore redusert dette året, men nokre møtepunkt har me hatt. Me har vore på besøk i Bakken barnehage eller dei har vore på besøk i kyrkja i mindre grupper.

## PLANAR FRAMOVER

Det er nokre år sidan planen vart skriven. Og det er signalisert frå bispedømekontoret at det er tid for revidering. Dette har vore planen å jobbe med i over eit år. Men grunna mykje endring i tiltaka dette året har det ikkje vore tid til revidering. Planen framover vil framleis vera å jobbe med revideringa av trusopplæringsplanen vår i trusopplæringsutvalet.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

## BABYSONG OG SMÅBARNSTREFF

v/ Helga Rimmereid

Tilbodet, som vert drive av Helga Rimmereid og Astrid K. Prestbø, inneholder songstund, nistemåltid og leik/sosialt samvær for born under skulealder saman med ein voksen på Fitjar bedehus.

Kjøkenhjelparane Gerd M. Træet og Ruth Skram har vore til uvurderleg hjelp, og lagar ei fin ramme rundt niste-/måltidsfellesskapet. Grunna smittevern m.m. har desse kjekke, flinke og positive damene dessverre vore delvis «permitterte» dette året. Kyrkjelydspedagog Randi L Matre har vore med på nokre av samlingane.

**Babysong** er organisert som eit kurs med påmelding retta mot babyar mellom 0 og ca 12 månader saman med ein voksen. Dei held til på loftet på Fitjar bedehus og har samling annankvar tysdag kl. 10.30. Det er eit kurs på våren og eit kurs på hausten, med totalt 8 samlingar kvart halvår.

Parallelt med babysongkursen er det **småbarnstreff** i hovudetasjen på bedehuset, for ungar mellom 0 og 6 år saman med ein voksen. Her er det «dropp inn», dvs ingen påmelding eller betaling, og opplegget vert tilpassa alderen på dei som kjem.

Babysong er ein del av trusopplæringstiltaka i kyrkjelyden. Småbarnstreff er eit kontinuerleg tiltak for aldersgruppa 0 -6 år, og er eit supplement til trusopplæringstiltaka. Begge tilboda er opne for alle som ynskjer å delta.

På grunn av korona/smittevern vart det berre gjennomført 4 av 8 samlingar våren 2020. I haustsemesteret fekk me gjennomført 6 av 8 samlingar.

Koronaen sette ein stoppar for påskelunsjen, og adventssamlinga kunne ikkje gjennomførast slik me brukar/ønskte. Smittevern har gjort det uaktuelt med songstund på Fitjar bu- og behandlingsenter dette året.

Våren 2020 deltok 5 babyar saman med ein voksen på babysongkursen.

Hausten 2020 deltok 16 babyar saman med ein voksen på babysongkursen.

På småbarnstreff var det våren 2020 mellom 2-5 ungar kvar gong, og 2-4 voksne. Hausten 2020 valte me å ikkje ha småbarnstreff. Grunnen til dette var ein kombinasjonen av smittevern og få folk i vårsemesteret.

Smittevern har gitt oss meir arbeid, ein del utfordringar i gjennomføringa av samlingane og det har medført ein del avlysingar.



# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

## PLANAR FRAMOVER

Astrid K. Prestbø og Helga Rimmereid gir ansvaret for babysong vidare til kyrkjelydsmedarbeider Randi L Matre frå januar 2021. Småbarnnstreff (i den forma det har i dag) vert lagt ned frå januar 2021, grunna ustabil og lite oppmøte (pga at dei aller fleste born som er over 1 år og under skulealder går i barnehage i dag og derfor ikkje er heime på føremiddagstid).

No blir det opp til Randi L. Matre korleis ho vil driva babysong vidare og kva planane framover blir.

## TENTREFF

v/ Dagfinn Brekke

Tentreff er et samarbeid mellom Fitjar Indremisjon og Fitjar sokn. Det arrangeres på Fitjar Bedehus fredagskvelder kl. 21:00-23:00. KRIK og Treff har gått sammen om felles annonsering på Facebook på siden «Fredagskveld på Fitjar». Dette har vist seg å være en svært effektiv måte å reklamere for opplegget på.

Tentreff skal være et lavterskelttilbud. Det skal være sosialt og kjekt for alle som stikker innom bedehuset en fredagskveld. Samtidig har det blitt en viktig møteplass for kristne ungdommer som søker sammen. Å klare å holde fast på, og videreutvikle dette, er viktig.

I styret er desse med: Ola Sigurd Vestbøstad, Elise de Fine, Alma Brekke, Siren Brekke, Marianne Aarbø, Håkon Rydland Sæbø, Dagfinn Brekke og Anne Marie Røed. Dagfinn Brekke er leiar.

En typisk kveld på Treff består først av en del med lovsang og andakt. Vi har hatt mange gode andaktsholdere utenfra, men som oftest er det kjente fjes tilknyttet kirke og bedehus på Fitjar. Videre har vi en samling med mat – pizza, hamburgere – og litt kioskvarer. Kvelden avsluttes med aktiviteter i kjelleren som bordtennis og biljard. Noen velger å roe helt ned med brettspill, kortspill eller en prat over bordet oppe i hovedsalen.

Vi følger skoleruten og prøver å ha Treff så sant det ikke er skolefri (ferier og planleggingsdager). Oppmøtet har holdt seg nokså stabilt på ca. 30 ungdommer. I tillegg er det 5-6 voksne med som ledere hver kveld. Det rulleres litt på hvem som er der som ledere.

## ÅRET 2020

Pga. restriksjoner ifm. med Corona har vi måttet flytte en del Treff over på digital plattform. Spesielt i begynnelsen var dette utfordrende og nytt for alle involverte. Sendingene på Facebook bestod av en Kahoot (digital spørrekonkurranse) med en etterfølgende andakt. Dette var enten direktesendt eller i opptak. Antall seere på en slik sending har vært veldig varierende, men har vært et supplement når vi ikke har kunnet møtes fysisk.

Pga. smittevern har vi ikke hatt vanlig kiosksalg av mat, drikke og snacks. Imidlertid har styret ansett matfellesskapet som så viktig at vi har prioritert dette ved å dele ut gratis til de som kommer. Dette er selvsagt krevende rent økonomisk da vi tapper av oppsparte midler vi kunne benyttet på andre ting.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

Heldigvis har vi gode støttespillere og -ordninger, både private og gjennom kollektører og tilskudd. Så hjulene går rundt.

Det er liten tvil om at Coronasituasjonen har preget Tentreff i 2020. Både planlegging og gjennomføring har endret seg i raske og bråe vender. Vi har derfor ikke fått gjennomført andre aktiviteter enn det å i størst mulig grad klare å ha et tilpasset tilbud til den enhver gjeldene smittesituasjon.

Treff har vært så heldig å motta en økonomisk gave fra soknerådet. Denne har vært tenkt brukt bla. til en skiveende eller avslutning med f.eks rafting. Men igjen preger Corona planleggingen, og vi vet ikke når dette kan gjennomføres. Forhåpentligvis kan vi få til noe før sommerferien.

Treff er heldige som har mange engasjerte voksne og ungdommer. Ungdommer som bidrar med sang og musikk og er med i styret. I tillegg er det nok voksne og ledere som takker ja til å bidra slik at vi kan opprettholde tilbuddet.

Takk til alle som er med på Tentreff. Takk til alle som støtter oss i bønn, med det praktiske og i det økonomiske.



# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

## DRIFT AV KYRKJA OG GRAVPLASSEN

v/ Jan Overweg, kyrkjeverje

### PERSONALE

I 2020 har me hatt desse medarbeidarane i kyrkjestaben:

Sokneprest, Roald Drønen

Kyrkjeverje, 35%, Jan Overweg

Kantor, 65 %, Jan Overweg

Kyrkjelydspedagog, 80%, Randi Lønning Matre

Kontormedarbeidar, 40%, Elisabeth Søndenå Oma

Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar, 50%+10%, Kristian Skumsnes (til 01.04.2020)


Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister, 50%+20%, Kjetil Hagevik Ragde (frå 01.11.2020)

Kyrkjetenar/reinhaldar, 10%, Sofie Rimmereid

Samarbeidet i staben har vore svært godt. Arbeidet i kyrkjestaben er prega av pågangsmot og godt humør.

### KYRKJEBYGGET

Den gamle trekirken i Fitjar er i god stand. I 2020 er det kun utført mindre vedlikehald. Utvendig har fleire dører og alt rekkverk blitt lakka/mola. I desember vart det bestilt nytt teppe til midtgangen og våpenhuset.



# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

## GRAVPLASSEN

På grunn av vakanse i kyrkjegardsarbeidarstillinga frå april til november, har mykje arbeidet på kyrkjegarden blitt utført av (sommar-) vikarar og med dognadsinnsats. Mange kan difor takkast for at kyrkjegarden har stått fram som vakker og velstelt gjennom dette året.

Soknerådet har i 2020 vedteke å jobba med å forbetra parkeringstilhøve for dei som har trong for å parkera nærmare kyrkja og gravplass. Ein har byrja med planar for nokre parkeringsplassar ved kyrkjegardshuset. Samtidig vert det planlagt nytt skjul for gravemaskinen, som no står ute ved kyrkjegardshuset.

I 2018 starta detaljplanlegginga som skal til for å fornya gravfelt D og for å etablera ein namne-minnelund på arealet ved sida av felt M. Akasia Eiendomsforvaltning AS har vore rådgjevar i prosjektet. Sidan planen inkluderte noko av den gamle mellomaldergravplassen, var det nødvendig med godkjenning frå Seksjon for kulturarv i fylkeskommunen. Strenge regler for freding av mellomaldergravplassar gjorde at planane for D-feltet vart sett på vent. Sjølv om mange graver vart teke i bruk i 2020, er det litt betre tid til å få ferdig eit nytt gravfelt enn tidlegare rekna med.

Kyrkja utfører gravstell på om lag 50 av gravene på vegner av pårørande som ikkje har høve til å gjera dette sjølv. Avtale om gravstell kostar for tida kr. 1.100,- pr år. Festeavgifta på Fitjar kyrkjegard er kr. 200,- pr. år etter at fredningstida på 20 (25) år er ute. Gravene kan festast inntil 60 år etter gravferda.

Kommunen, soknerådet og medarbeidarane i kyrkja vil framleis arbeida for at Fitjar kyrkjegard skal framstå som ein fin og velstelt gravplass.

## ÅRDSARBEID

Soknerådet har gjennom året hatt 6 møte - det er litt færre enn i eit vanleg år. Det har likevel vorte behandla 63 ulike saker. I tillegg har det vore ei inspirasjonssamling med sokneråd og stab.

Medlemene i soknerådet har i 2020 vore desse:  
Sigrid Marie Fangel, leiar  
Wenche Andersen Helland,  
nestleiar  
Svein Lunde, skrivar  
Tom Rydland  
Anne Marie Røed  
Herman Inge Aadland  
Håkon Rydland Sæbø  
Aase Rygg H. Nøttveit  
Roald Drønen, sokneprest  
Sigurd André Maraas, kommunal  
representant

På møtet 19. november vart Svein Lunde vald som leiar for soknerådet for eit år. Til nestleiar, også for eit år, vart Wenche Andersen Helland attvald. Etter kyrkjelova skal det i kommunar med eitt sokn berre vera sokneråd. Dette rådet skal i tillegg til ordinære soknerådssaker, ha dei oppgåvane som elles ligg til fellesråda i andre kommunar. Kommunen sin representant i rådet trer inn i dei sakene som høyrer til fellesrådet sitt ansvar. Innkalling og referat frå møte er offentleg tilgjengeleg på kyrkja sine heimesider - [kyrkja.no/fitjar](http://kyrkja.no/fitjar).



# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

## NEMD OG UTVAL

Mykje av arbeidet i kyrkjelyden blir koordinert og /eller utført av ulike nemder og utval. Her vert lagt ned ein formidabel dugnadsinnsats. Alle som tek del i dette arbeidet, fortinar ein stor takk!

Gudsteneste- og kyrkjemusikkutval

Trusopplæringsutval

Babysang og småbarnstreff

Kappenemnda

Ten-treff

Diakoninemnda

Misjon

Temakveldgruppe

Kyrkjebladet

Frivilligmnd

Uteareal

Kyrkjekaffi

Nattverd-medhjelparar

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon

Kyrkjeringen

Klokkarar

Kyrkjetenarar

Kyrkjevertar

Kyrkjekaffi

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

## ØKONOMI

### ARBEID MED BUDSJETT OG REKNESKAP

v/ Jan Overweg, kyrkjeverje

Arbeidet med økonomisk forvaltning for kyrkja føregår i eit tett samarbeid mellom kyrkjeverja / kontormedarbeidar og økonomiavdelinga i kommunen.

Rekneskapet for 2020 er gjort opp utan større overskot eller underskot. Det er på noverande tidspunkt ikkje revidert av ekstern revisor.



# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

## RESULTATREKNESKAP

	<b>Rekneskap 2020</b>	<b>Budsjett 2020</b>	<b>Rekneskap 2019</b>
Rammetilskot	-2 439 400	-2 439 400	-2 524 400
Overføringer og tilskot frå andre	-437 753	-442 000	-695 590
Tilskot og refusjonar	-517 511	-469 750	-497 998
Sals- og leigeinntekter	-366 779	-377 500	-512 077
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-3 761 444</b>	<b>-3 728 650</b>	<b>-4 230 065</b>
Lønsutgifter	1 708 778	1 733 000	1 559 582
Sosiale utgifter	460 741	569 300	501 965
Kjøp av varer og tenester	1 415 821	1 133 850	1 399 203
Overføringer og tilskot til andre	215 767	215 000	234 824
Avskrivningar	312 191	265 000	291 750
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>4 113 298</b>	<b>3 916 150</b>	<b>3 987 324</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>351 854</b>	<b>187 500</b>	<b>-242 741</b>
Renteinntekter	-7 920	-7 500	-10 847
Utbytte	-3 540		0
Renteutgifter	501		0
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>-10 959</b>	<b>-7 500</b>	<b>-10 847</b>
Motpost avskrivningar	-312 191		-291 750
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>28 704</b>	<b>180 000</b>	<b>-545 338</b>
Overføring til investering			
Netto avsetjing til eller bruk av bundne driftsfond	-84 918		-12 151
Netto avsetjingar til eller bruk av disposisjonsfond	56 214	-180 000	557 489
Dekking av tidlegare års meirforbruk			
<b>Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat</b>	<b>-28 704</b>	<b>-180 000</b>	<b>545 338</b>
<b>Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)</b>	<b>-0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

## BALANSE

	<b>31.des 2020</b>	<b>31.des 2019</b>
<b>Eigendelar</b>	<b>12 469 982</b>	<b>12 550 936</b>
<b>A Anleggsmidlar</b>	<b>9 181 735</b>	<b>9 486 180</b>
I Varige driftmidlar	9 093 909	9 406 100
1 Faste eigedommar og anlegg	8 776 224	9 002 900
2 Utstyr, maskinar og transportmidlar	317 685	403 200
II Finansielle anleggsmidlar	87 826	80 080
<b>B Omløpsmidlar</b>	<b>3 288 247</b>	<b>3 064 756</b>
I Bankinnskot og kontantar	3 072 541	2 823 232
III Kortsiktige fordringar	215 706	241 524
1 Kundefordringar	28 000	25 425
2 Andre kortsiktige fordringar	187 706	216 099
<b>Eigenkapital og gjeld</b>	<b>-12 469 982</b>	<b>-12 550 936</b>
<b>C Eigenkapital</b>	<b>-11 677 123</b>	<b>-12 067 296</b>
I Eigenkapital drift	-2 495 388	-2 581 116
1 Disposisjonsfond	-1 421 075	-1 380 535
2 Bundne driftsfond	-1 074 313	-1 200 581
II Eigenkapital investering	0	0
III Anna eigenkapital	-9 181 735	-9 486 180
<b>D Langsiktig gjeld</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
I Lån Gjeld til kreditteinstitusjonar	0	0
<b>E Kortsiktig gjeld</b>	<b>-792 859</b>	<b>-483 640</b>
I Kortsiktig gjeld	-792 859	-483 640
1 Leverandørgjeld	-378 870	-112 648
4 Anna kortsiktig gjeld	-413 989	-370 992

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

## KYRKJEMUSIKK

v/ Jan Overweg, kantor

I året som har gått har kulturlivet i Noreg måttet innretta seg etter strenge smittevernkrav. Også kyrkja sitt musikalske arbeid har blitt noko amputert. Ein har prøvd å oppretthalda gudstenestelivet så godt som mogleg. Mange gudstenester vart strøyma med få eller ingen til stades, men med nokså gode visningstal. Fleire har vore med som forsongarar, og har gjort det mogleg å laga digitale gudstenester. Kantoren har teke ansvaret for den digitale satsinga i koronatida.

Med mykje privat utstyr var me tidleg ute med strøyming av gudstenester. I desember fekk soknet tildelt midlar frå både barne- og familidepartementet og Rydland-fondet til kjøp av eige utstyr til streaming. Det vart montert mellom anna to faste kamera i kyrkjerommet. Dette vil gjera det mogleg å streama gudstenester og andre arrangement i god kvalitet, også i tida framover. Etterkvart er det også gjort store bringar i lydoverføringa.

I løpet av sommaren vart det mogleg å gjennomføra fire lunsjkonsertar - med maks 50 personar tilstades. Julekonsertane var det ikkje høve til å gjennomføra i år.

Etter nedstenginga i mars har kyrkjekoret teke pause, og har elles ikkje hatt øvingar dette året.



Foto: Barbro Høyland Andersen

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

## TEMAKVELDAR

v/ Eli N. Simonsen

Målet vårt er å ha låg terskel, ulikt innhold og form, som til dømes, song- og salmekveldar, konsertar, foredrag og gjerne ei og anna utstilling når det høver slik.

Me ønskjer at folk skal kjenna seg heime i kyrkjerommet. Desse arrangementa er ikkje berre for nokre få, men alle!

Dette året har vore prega av korona-epidemien. Me hadde lagt opp til 10 arrangement ,men berre tre av desse vart gjennomførte.

I arrangementsgruppa sit Benedicte Meyer, Hildegunn Aadland, Anne Britt Tornes og Eli N Simonsen.

Me har hatt planleggingsmøte etter kvart, og temaet dette året har vel først og fremst vore om vi kunne arrangera noko eller ikkje.



Programmet vårt 2020:

Januar: Konsert med Bømlo Gospel

Februar: "Troens song, håpets tone" med Eivind Skeie

Oktober: Konsert med Iver kleive og Knut Reiersrud

For oss var vel den største opplevinga dette året konserten med Iver Kleive og Knut Reiersrud.

Det vart ei fantastisk stund i kyrkja vår i oktober!!

Mange arrangement har vorte avlyst, og me lever i uvisse. Uansett ser me på dette arbeidet som viktig og ser fram til "normale" tider.

Foto: Torbjørn Hovland

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

## DIAKONINEMNDA

v/ Halvard Wiik

Diakonnemnda i Fitjar sokn er samansett slik:

Annbjørg Stjern Tvedt (leiar), sokneprest Roald Drønen, Grete Sætre, Inger Marie Gilje, Halvard Wiik, Bodil Nesse og Hilda Gloppe

### AKTIVITETEN TIL DIAKONINEMNDA

Organisere besøkstenesta for dei som ynskjer det.

Skipa til ein årleg dagstur.

Blomehelsing til nære pårørande etter dødsfall.

Blomehelsing til alle som fyller runde og halvrunde år frå 80 og oppover.

Skipa til inspirasjonsfest med fagleg/åndeleg påfyll og blomepåskjøning til alle aktive besøksvener.

Deltaking i gudstenesta Helgemessesøndag.

Invitasjon til - og organisering av - middag og kaffi etter gudstenesta på Helgemessesøndag

Laga til sommarfest på sjukeheimen.

Samarbeid med kyrkjelydane i Stord, Bømlo og Tysnes om felles sorggrupper.

Pg.a. koronarestriksjonar har dei fleste av fellestiltaka ikkje, eller berre delvis, blitt gjennomført i 2020.

### OMFANGET AV ARBEIDET

Diakoninemnda hadde 3 møte i 2020.

34 personar fekk besøk og blomehelsing i samband med fødselsdagar i 2020.

Inkludert nemndsmedlemene er det 20 frivillige besøksvener som er engasjerte i arbeidet.

Ved utgangen av året er det 11 personar som får jamleg besøk.

Ein er elles kjend med at det også er ein del frivillige som tek på seg oppgåver utan å vera registrerte i Diakoninemnda sine system.

### NYE TING SOM ER KOMNE TIL I ÅR

Den 28.12.2020 vart det, i samarbeid mellom Fitjar Indremisjon og Diakoninemnda, skipa til «Julekos» på bedehuset. Arrangementet var i prinsippet ope for alle, men ein tenkte spesielt på dei som var mykje åleine og kanskje hadde spesielt behov for å vera saman med andre. Programmet var etter måten enkelt og «lett» med god tid til drøs. 46 personar deltok. Etter søknad fekk ein kr. 2.000 i kulturmiddlar frå kommunen.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

Pårørande som brukar å få spesiell invitasjon til gudsteneste Helgemessesøndag, vart også inviterte til «Open kyrkje» kvelden før. Der hadde ein eit enkelt program med diktlesing, bibeltekstar, musikk og opplesing av dei avlidne sine namn samt tenning av lys til minne om kvar enkelt. Mange positive tilbakemeldingar.

## VIKTIGE HENDINGAR I ÅRET SOM GJEKK

Koronasituasjonen sette som nemnt store avgrensingar for diakoninemnda sitt arbeid, men det gav også inspirasjon til nytenking, sjå punktet ovanfor.

Inspirasjonssamling for besøksvener vart avvikla 5. februar. M.E. Totland held foredrag/kåseri om diakoni med utgangspunkt i boka ho har skrive om «Taterfolket».

## PLANAR FRAMOVER

Diakoninemnda har av kapasitetsmessige omsyn ikkje konkrete planar om nye tiltak i 2021 utover det som er nemnt i første punkt i denne årsmeldinga, samt å vurdera vidareføring av tiltaka som er beskrivne under avsnittet «Nye ting...» ovanfor.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

## KYRKJEBLADET

Fitjar kyrkjeblad har kome ut med seks utgåver dette året.

Skriving og innsamling av stoff til bladet vert gjort på dugnad. Trykking og distribusjon vert utført av profesjonelle aktørar.

Redaksjonen i kyrkjebladet var ved utgangen av 2020:

- Roald Drønen, redaktør
- Rolf Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland
- Anne Hardeland
- Karvel Strømme
- Herman Inge Aadland

Kostnadane til trykking og distribusjon av bladet vert dekka av gåver og inntekter frå annonsesal. Bladet vert lagt i postkassane til alle husstandane og bedriftene i Fitjar. Bladet vert og lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje. Tilbakemeldingane me får, viser at folk set stor pris på kyrkjebladet og at mange les det.

Arbeidet med kyrkjebladet har gått etter planen. Innholdet består av god informasjon om arbeidet i kyrkjelyden, gjennom «Nytt frå soknerådet», ulike reportasjar, intervju, stoff og artiklar frå lokalmiljøet, oppgåver for dei minste etc. Me er takksame for gode, frivillige som gjer ein fin jobb i redaksjonskomiteen.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

## KYRKJERINGEN

Kyrkjeringen er ei foreining som arbeider for å halda kyrkja fin og funksjonell når det gjeld utstyr, inventar og utsmykking. Blomar og anna pynting av alteret er det og kyrkjeringen som tek seg av.

Kyrkjeringen har elleve medlemmar, og har hatt 3 samlingar i 2020. Det har vore lite aktivitet i laget i 2020 grunna koronasituasjonen.

Kontaktperson for kyrkjeringen er Ellen Vestbøstad.



# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

## FITJAR KYRKJE SITT MISJONSPROSJEKT

v/ Helga Rimmereid

Fitjar kyrkjelyd har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap og har avtale om å støtta NMS sitt arbeid i Mali. Saman med NMS ynskjer Fitjar kyrkjelyd å jobba for å kjempa mot urett, jobba for å utrydda fattigdom og å dela trua på Jesus med fulanifolket i Mali.

Formålet med misjonsavtalen er å skapa misjonsengasjement og å byggja Guds rike lokalt og globalt, skapa interesse og engasjement for misjon og prosjektet, og å støtta arbeidet i Mali med forbøn og pengar.



Under gudstenestene påskedag, pinsedag og juledag vert det informert om arbeidet og situasjonen i Mali. Det vert teke opp offer til prosjektet og det vert bede for arbeidet.

Det vert informert om prosjektet på heimesida til kyrkja, i kyrkjelydsbladet og på kyrkjelydsturane. Diverse informasjon om avtalen og prosjektet er tilgjengeleg i kyrkja. Det er ynskjeleg at prosjektet skal vera ein viktig og naturleg del av det meste av arbeidet i kyrkjelyden, og verta innlemma i ulike arrangement og på ulike arenaer i kyrkjelydsarbeidet. Og det er ynskjeleg at misjonsarbeidet i Mali er med i forbøna under gudstenestene kvar søndag. Gjennom dette ynskjer ein at alle i kyrkjelyden, frå dei yngste til dei eldste, skal kjenna til prosjektet, kjenna at dette er «vårt» prosjekt og slik ha (eller få) eit oppriktig misjonsengasjement.

Søndag 11. oktober deltok Mali-misjonær Frode Brügger Sætre på Mali-gudsteneste i Fitjar kyrkje. Gudstenesta var open for 100 personar, og det vart teke opp kollekt på 9644,- til misjonsprosjektet.

Påskedagsgudstenesta med kollekt til misjonsprosjektet var i år digital. Gudstenesta hadde over 400 visningar og det kom inn 6234,- til misjonsprosjektet. 1. pinsedag var det open gudsteneste for inntil 50 påmelde, i tillegg til at gudstenesta vart send digitalt. Kollekt: 5304,-  
Juledagsgudstenesta var i år digital. Det var lagt inn misjonsinformasjon under kunngjeringane, og det vart teke opp kollekt på 6610,- til misjonsprosjektet.

Kyrkjelyden vår samla i 2020 inn kr. 27 792,- kroner til misjonsprosjektet i Mali. Dette er ein flott sum som vert lagt merke til og sett stor pris på av NMS.

Det har ikkje vore noko fungerande misjonsnemnd dette året. Tre av fire nemndsmedlemer gav seg i 2019.

Soknerådet fekk ekstra informasjon om prosjektet på eit soknerådsmøte.

Soknerådet har sagt at dei ynskjer å vidareføra misjonsavtalen med NMS. Det er ynskjeleg at soknerådet oppnemner nye nemndsmedlemmer og at nemnda kan jobba vidare med å halda misjonsprosjektet «varmt» og sørge for at det er ein naturleg og viktig del av det meste av arbeidet i kyrkja.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

## BAKKEN BARNEHAGE

v/ Torunn K. Aarskog, styrar

Bakken barnehage er Fitjar kyrkjelyd sin barnehage. I vedtekten står det: "Fitjar soknerådsbarnehage vil vera med å gi barna kunnskap, erfaring og oppleving av kristen tru og tradisjon. Barnehagen er ein del av Fitjar kyrkjelyd sitt trusopplæringsarbeid." Eigar er Stiftinga Fitjar soknerådsbarnehage og det er soknerådet som oppnemnar styret for stiftinga.



I 2020 sat desse i styret: Erling Prestbø (leiar), Frøydis Almås, Asbjørn Vik og Torunn Aarskog. Tom Rydland er barnehagekontakt i soknerådet. I Samarbeidsutvalet for barnehagen er det to representantar frå eigar, dette er Frøydis Almås og Tom Rydland

Barnehagen har 3 avdelingar med til saman 72 plassar for born i alderen 0-6 år. Eit barn under 3 år tel for 2, så tal på born i barnehagen varierer med alderen på borna. Kvar avdeling har 24 plassar (småbarnsavdelinga har 12 born) og bemanninga er 4 årsverk pr. avdeling.

### BORN PR 15. DESEMBER 2020

61 born, 53 born har 100% plass og 8 born har 60% plass. 15 born er under 3 år ( fødd i 2018 og 2019) og 46 born er over 3 år ( fødd i 2015,2016,2017).

Det har vore nedgang i barnetalet på Fitjar, så for første gong på lenge var ikkje barnehagane fulle frå oppstart i august. Vi hadde fullt belegg frå 01.12.2020.

Vi har born med særskilde behov som får tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp i følgje vedtak. Kommunen refunderer kostnadene til dette.

### PERSONALRESSURSAR PR. 15. DESEMBER 2020

Styrar: 1 årsverk, pedagogisk leiar/barnehagelærar: 6 årsverk, fagarbeidar/assistent: 6 årsverk, ekstra ressurs/assistent: 1,25 årsverk, reinhald: 0,4 årsverk= 14,65 årsverk og 18 tilsette!

Vi har ein stor og fin barnehage både innvendig og utvendig. Alle avdelingane har større areal enn det som er påkravd. I tillegg har vi fellesrom som: formingsrom, bibliotek og grupperom. Personalavdelinga er romsleg med godt pauserom og arbeidsrom med kontorplass til alle pedagogane.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

## KVA HAR SKJEDD I 2020?

Då alle barnehagane blei stengt pga Koronapandemien i 5 veker frå 15.mars, vart barnehagedagen plutseleg veldig annleis. Berre born av foreldre som hadde jobbar som var definert som samfunnskritiske, fekk gå i barnehagen med begrensa opningstid. Personalet jobba i team og til forskjellige tider. Nokre av personalet jobba med leikemiljøet på avdelingane, veggar vart molte og nye leikekrokar tok form! Det blei veldig flott!

Pga Koronapandemien vart barnehagedagane veldig annleis i 2020. Vi fekk smittevernrettleiar i fleire utgåver som me måtte forholda oss til. Avdelingar vart delt i grupper /kohortar; handvask og desinfisering vart rutine. Vi vart mange erfaringar rikare og nokre endringar blir nok varige. Det at avdelinga er delt i smågrupper med faste vaksne, fører til god leik og mindre støy.

25.oktober deltok barnehagen med song på familiegudstenesta. Kyrkja var fullsett ( 100 deltagarar pga koronarestriksjonar) av born, foreldre, besteforeldre. Ei flott oppleveling!

Vennskapsfesten måtte utgå, men vi hadde digital utlodning med Vipps og kunne senda kr. 27.710 til Vennskapsbarnehagen i Egypt ( Mama Maggie)!

Julespelet vårt blei vist i stallen som kyrkja hadde satt opp utanfor kyrkja. Dette vart ein flott variant av spelet.

Tema dette barnehageåret er «Leik og læring med sjø og skog som nærmeste nabo.» Eit kjekt tema som avdelingane har jobba med på ulike måtar alt etter alder og interesse.

At vi er ein kyrkjelydsbarnehage, kjem til uttrykk på mange måtar i barnehagekvarldagen. Bordvers og kristne barnesongar har sin naturlege plass. Bibelforteljing er tema i samlingsstunda ei gong i veka, formidla på forskjellige måtar ved hjelp av bøker, flanellograf, forteljing, film, dramatisering mm. Prest/kyrkjelydspedagog pleier å besøkje oss ca ei gong pr månad, men dette har blitt sjeldnare no i Koronatida. Dei kristne høgtidene har stor plass hos oss med lilla (tenke/ventefargen) i advent og fastetid.



## PLANAR FRAMOVER

Barnehagesektoren er i stadig fornying/endring. Vi held oss oppdatert og deltek på fleire kurs gjennom året. Når det gjeld praktiske ting, har vi planar om å male barnehagen utvendig denne våren/sommaren.

## ØKONOMI:

Barnehagen driv med overskot. Overskotet vert brukt til nedbetaling av gjeld og diverse utbetingar. Pr. 30.12.2020 har barnehagen ei gjeld på ca. 1,3 mill.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2020

---

**Fitjar sokneråd vil retta ei stor takk til alle frivillige og tilsette som i 2020 har lagt ned eit stort arbeid for å nå målet i kyrkjelyden sin visjon. «Nær menneske, nær Kristus»**